

Styremøte i Sotra Volleyballklubb



Tid: Måndag 20. november 2023 kl. 18:00 - 20:00

Stad: Klasserommet i Bildøyhallen

Til stedet: Cathrine Hartwig, Jens Knabben, Vegard Asphaug Mortensen, Renate Turøy, Mikael Tangen, Maya Slobodaniuk, Nils Magne Vardøy

Forfall:

Saker:

1/3 Innkalling

2/3 Saksliste

3/3 Referat frå styremøtet 14. august 2023 (Vedlegg 1)

4/3 Orienteringar

a) Rekruttering

b) Streaming

c) Dommar

d) Kontakt med kommunen

e) Seriehelg U17

f) Treningsavgift

5/3 Rent idrettslag

6/3 Mitt Varsel

- 7/3 Brannøving**
 - 8/3 Innkjøp**
 - 9/3 Referat frå trenarmøtet 23. oktober 2023 (Vedlegg 2)**
 - 10/3 H1 og H2 laga (saka vart trekt frå sakslista)**
 - 11/3 Neste styremøte**
 - 12/3 Ymse**
-

Orientering om sakene:

1/3 Innkalling

Forslag til vedtak: Innkallinga vert godkjend

2/3 Saksliste

Forslag til vedtak: Sakslista vert godkjend

3/3 Referat frå styremøtet 14. august 2023 (Vedlegg 1)

Forslag til vedtak: Referatet vert godkjent

4/3 Orienteringar

a) Rekruttering

Markus Fondenæs og Julio Halland har vore aktive i rekrutteringsarbeidet i haust.

Resultatet er at Sotra Volleyballklubb greier no stilla GU19-lag. Markus Fondenæs og Julio Halland vert også trenarane for GU19-laget.

b) Streaming

Genius Sports har no ansvar for streaming av 1. divisjonskampane. Ansvar for praktisk tilrettelegging for streaminga har Lars Åsmund Tangen og Magne Mikael Tangen. Prøvesending frå Sotra Arena fungerte greitt.

c) Dommar

Jon Martin Vardøy dømmar mange kampar for klubben og stiller ofte opp på kort varsel.

d) Kontakt med kommunen

Mikael Tangen tar kontakt med Øygarden kommune for å få ei orientering om vakthaldet i helgene i Hjeltefjorden Arena, Spildepollen og Skogsvåg idrettshall.

e) Seriehelg U19

Sotra Volleyballklubb arrangerer seriehelg for U19-lag i Ågotneshallen og Bildøyhallen laurdag 25. november 2023.

f) Treningsavgift

Krav om innbetaling av treningsavgift for sesongen 2023-2024 er sendt til spelarar i desse laga: Trim, JU17, Damer, H2 og H1. U13 og GU19 får krav om treningsavgift med det første.

Sotra Volleyballklubb sin lisens som Rent Idrettslag må fornyast. Styret må derfor setja av tid til drøfting av tilsendte arbeidsoppgåver og bestemma satsingsområde for klubben. Du kan gå inn på <https://www.rentidrettslag.no/> for å lesa meir om sertifiseringa og kva som må gjerast for at Sotra Volleyballklubb kan kalla seg Rent Idrettslag.

Mikael har med oppgåver og forslag til satsingsområde i papirutgåve.

Vi gjør de samme tiltakene som i forrige runde. Mikael fyller ut skjema.

6/3 Mitt Varsel

Sotra Volleyballklubb må ha to personar som tar seg av varslingsaker - ei kvinne og ein mann.

Renate Turøy kontaktperson for kvinner

Vegard Asphaug Mortensen kontaktperson for menn.

7/3 Brannøving

Alle brukarar av kommunale bygg må gjennomføra brannøving. Klubbar som har ansvar for vakthald, har ansvar for at brannøvingar vert gjennomførte.

Mikael etterlyser oppmøteplass og mer utebelysning fra kommunen først.

8/3 Innkjøp

Vi må få ei oversikt på behov for nye drakter. Det gjeld særleg for U13 og GU19.

Foreløbig har vi nok drakter

9/3 Referat frå trenarmøtet 23. oktober 2023 (Vedlegg 2)

Referatet ok

10/3 H1 og H2 laga (saka vart trekt frå sakslista)

11/3 Neste styremøte

18/12-23

12/3 Ymse

Referent

Cathrine Hartwig